

Hytteutvalet ved Valen sjukehus

Valen 10.07.2013

Ergoterapi – fritids avdelinga ved Valen sjukehus

V/ Fritidsleiar Atle Thoresen

Til Norges vassdrags- energidirektorat,

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo, nve@nve.no

Høyringsuttale

Valen Kraftverk A/S sin søknad om overføring av Sitautevatn til Valedalsvatn og søknad om utbygning av Valen kraftverk

Registreringsnummer: 6289, Saksnummer: 201100802

Kven er me?

Hytteutvalet ved Valen sjukehus har ansvaret for drift og vedlikehald av hyttene til Valen sjukehus, som ligg tett opptil aktuelt utbygnings område. Me legg til rette for allmen bruk av hyttene og naturen rundt, rydding og merking av stier i området. Mykje av detta er pasient relatert aktivitet

Ergoterapi – fritids avdelinga ved Valen sjukehus. Valen sjukehus er eit psykiatrisk sjukehus som legg stor vekt på fysisk aktivitet i behandlinga, ved bruk av trening og friluftsliv.



Røde merker viser hytter til allmen bruk i område rundt omsøkt utbygging.

Begge områda da er søkt om er populære og mykje brukte tur og friluftsområder.

Søknad om overføring av Sitautevatn til Valedalsvatn.

Vatnet ligg innafor eit større INON sone i området Englafjell – Melkhaug – Ulvanåso, dette er eit sårbart høgfjellsområde, og ein av dei få store uberørte naturområda som er igjen i Kvinnherad kommune. Eit depo av sprenkt stein og borreslam, og sprenkt kanal ved Småstølevatnet vil vera synleg frå store deler av detta området.

Ein skriv i søknaden at detta er eit område som allereie er påverka av vasskraftutbygging, dette er usant, ein må heilt fram på kanten, forbi Småstølevatnet før ein ser demningen på Valedalsvatnet.

Sitautevatn, Småstølevatn og Sitautevatnane (tre små vatn mellom Sitautevatn og Børsdalen) er alle gode og mykje brukte fiskevatn.




Sitautevatn (her frå tidleg 1960 åra)

Ved bygging av ein betongterskel i utløpet av Sitautevatn, vil ein stenge for den einaste gytemulegheten for fisken i Sitaute, alle andre bekker inn til Sitaute er regnbekkar. Og ved så stor reduksjon av vatn til Sitautevatnane, vil gytemulegheten for desse vatna fella bort, bekken frå Sitautevatn er den einaste da alltid er vatn i, dei andre er regnbekkar. Eg les i søknaden at vatnet herfrå utgjer berre 2% av vatnet i Handelsvassdraget, men for fisken i desse vatna utgjer da nesten alt vatn. Da renn ein liten bekk ner frå Sitaute, i tørre periodar vert også denne uttørka, området har få og små vassdepo (myr) mest berre glattskurt berg.



(Sitautevatn med Ulvanoso i bakgrunnen)

Opplevelsen av noverande kraftutbygging får ein berre i ein av turtraseane som fører inn i dette område, frå denna delen av kommunen, da er stien gjennom Valedalen(merka med rødt på kartet) , alle andre stiar har ein vakker uberørt natur. (merka med svart på kartet)



Konklusjon: Da er relativt stort inngrep for å snu små mengder vatn, da vil ha store konsekvensar for fisken i området, og redusera naturopplevelsen betydeleg. Og vatnet kan utnyttast den vegen da renn i dag. Me les i lokalavisa at da er planar for utbygging av Handalandsvassdraget. Difor ser ein på detta inngrepet som meningslaust.

Søknad om utbygging av Valen kraftverk

Før siste utbygging i 2008, var da gode fiske muligheter i heile vassdraget. Frå høgfjell og like til fjorden, utbygginga i 2008 reduserte vassdraget betydeleg, store deler vart tørrlagt.



Bilde viser elvastrekinga som vart tørrlagt i 2008 (merka rødt) og fiskerik elv som i dag renn normalt (merka svart)




Slik ser elva ut i dag mellom Elvedammen og Stemmastølen, denne delen av elva hadde eit godt fiske og vart mykje brukt. Strekingen ligg like i nærleiken av Svartatjønnslytta, som er den lytta som er mest brukt.

Den har 18 sengeplasser + stor hems. Hytta vert nytta av skular, barnehagar, lag og organisasjonar, familiar og til treningsturar for pasientar ved Valen sjukehus.

Gjennom alle tider har fiske våre ein mykje nytta aktivitet for dei som leiger hyttene. Kvaliteten på denne aktiviteten vart kraftig redusert, grunna tørre elveleier, me også grunna stor variasjon i vasstand i Svartatjødno, Elvedammen og Valedalen. Den strekningen som står att er elva mellom Valedalen og Elvedammen, denne er blitt meir og meir mytta dei siste åra, og fisket er godt. Difor ser ein med bekymring på att også denne strekningen skal fella bort. Her er mange fine fiske kulpar.



Dei einaste gytebekkane på strekningen Valedalen til Svartatjødno, er på myrane på nord sia av elva (sjå skravert felt)



Her er da fem bekkar som blir brukt til gyting. Med så liten minstevassføring som er foreslått i søknaden, vil fisken få store problem med å forsera stryka opp frå Elvedammen og opp mot gyteområdet.



Valedalsvassdraget har i alle år hatt ein god bestand av fossekall, etter forgje utbygning blei bestanden kraftig redusert. I dag finn me fossekal berre mellom Elvedammen og Valedalen 1 par, og mellom Valedalen og Vetledalen 1 par, me har hatt forfall av 3 par.

Konklusjon:

Me meiner at område allereie har stor belastning av tidlegare utbygning, og at gjennverande elvestrekning bør bevarast.

Søknaden ber preg av stor prestisje, og me stiller seg tvilande til såkalte fakta og målingar, særleg gjeld detta mengden vatn som renn ut av Sitauten.

Eit bõtande tiltak vil vera å sjå på reguleringsgrenser i alle vatna, særleg i gytetida, ikkje berre i Vetledalen slik da er i dag.

Men om ein utbygning blir tillat, er da alternativ 2, som er den einaste som ivaretar liv og fisk i elva. Men her må fleire bõtande tiltak gjerast, da viktigaste er å leggja vegen inn til kraftstasjon, inn i terrenget ovanfor myr med gytebekkar. Og krav til oppfølging av fiskebestand. Ivaretakelse av hekkeområde til Fossekal.

Atle Thoresen

Fritidsleiar og leiar av Hytteutvalet ved Valen sjukehus

